



LINDÅS KOMMUNE

RÅDMANNEN

10.juni 2015

"KOMPETANSE FOR KVALITET"

AVTALE OM VIDAREUTDANNING PÅ STATLEGE VILKÅR SKULEÅRET 2015-2016

Denne avtalen gjeld statleg finansiert vidareutdanning for lærarar 2015-2016 knytt til "Kompetanse for kvalitet – Strategi for etter- og vidareutdanning" vedteken av KD, KS, Utduanningsforbundet, Norsk lektorlag, Skolenes landsforbund, Skolelederforbundet og Nasjonalt råd for lærerutdanning.

Lærarar som tek del i vidareutdanninga, vil kunne få fri frå sine ordinære arbeidsoppgåver for å studera. Tilbodet er eit spleislag mellom stat, skuleeigar og den enkelte lærar.

Mål:

Utdanninga skal bidra til å styrke elevane si motivasjon og læring i grunnopplæringa ved å auke lærarane si faglege og fagdidaktiske kompetanse og på den måten gi høgare kvalitet på opplæringa.

Lindås kommune:

- legg til rette for vidareutdanninga gjennom å dekke kommunen sin del av vikarutgifter og ev. kostnadar knytt til læremidlar, reise og opphold på studiestad (gjeld obligatorisk del av studiet)
- syt for at søkerne er forankra i skulane og kommunen sine faglege kompetansebehov
- har drøfta søkerne med Utduanningsforbundet i Lindås

Lærar er gjort kjend med følgjande:

- Lærar forpliktar seg til frammöte og oppfølging av studiet.
- Studiedagar bør så langt mogleg leggjast til studiesamlingane.
- Det er ein føresetnad at lærar fullfører vidareutdanninga, går opp til eksamen og består denne. Kopi av vitnemål/karakterutskrift skal sendast arbeidsgjevar etter fullført studie.
- Utgifter knytt til ikkje-obligatoriske aktivitetar skal drøftast med rektor før eventuell gjennomføring.
- Ved fråfall før studiestart, pliktar deltakar å melde frå snarast til rektor som melder vidare til fagsjef. Skuleeigar kan gje plassen vidare til ein annan lærar på studiet i same fag og ved same institusjon.
- Ved fråfall etter studiestart, pliktar også deltakar å melde frå til rektor snarast. Rektor melder vidare til fagsjef som straks tek kontakt med Fylkesmannen. Statens bevilgningsreglement §10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føra kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane. Heile tilskotet frå fylkesmannen eller deler av dette kan verte kravd attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med tildelinga.

Studievilkår:

- Vikarordning:
 - o Lærar som gjennomfører eit 30-studiepoengs vidareutdanningstilbod, og som er tilsett i 100% stilling, skal arbeide i 62,5% stilling. Læraren blir frigjort 37,5% av full stilling (= lønna studiepermisjon).
- Stipendordning:
 - o Lærarar som gjennomfører eit 30-studiepoengs vidareutdanningstilbod, kan få kr 100 000 i stipend frå staten. Lærar vel sjølv i samarbeid og forståing med arbeidsgjevar, korleis stipendet skal nyttast, til dømes til livsopphald om ein tek ut ulønna permisjon, eller som meirinntekt om ein vel å studera heilt eller delvis på fritida.
 - o Avtale om korleis stipendet skal nyttast, må drøftast med rektor i god tid før skulestart (avtalen må vere skriftleg og leggjast ved denne avtalen)
- Skuleeigar skal dekke utgifter til reise, opphold, læremidlar mm

Kompetanse for kvalitet - strategi for etter- og vidareutdanning:

«Målet er å auke elevane si læring og motivasjon i grunnoplæringa, gjennom å styrke lærarane og rektorane sin kompetanse»

skule og dato

rektor

lærar

Vedlegg (for dei med stipendordning):